



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Dato: 13.01.2014
Vår ref.: 2014/230-66

Oversending av klage til Fylkesmannen i Hordaland etter avslag på innsyn i interne arbeidsdokument

Samandrag

Saka gjeld Arvid Ask sin klage over vedtak om å avslå innsyn i møtereferat frå møte i arbeidsgruppe i samband med intern saksførebuing i høve til utarbeiding av *Mogelegheitsstudie Fleslandsområdet*. Møglegheitsstudien har vore ein del av det innleiande arbeidet i samband med regional plan for lokalisering av ny godshamn i Bergensområdet. Dokumentet *Mogelegheitsstudie Fleslandsområdet* er offentleggjort i si heilheit.

Krav om å få innsyn i referat frå møta i arbeidsgruppa vart i e-post den 2. desember 2013 avslått med heimel i offentleglova § 14 1. ledd (sjå vedlegg 2).

Arvid Ask har den 3. januar d.å. påklaga vedtak om avslag på innsyn i møtereferatet frå arbeidsgruppa til Sivilombodsmannen (sjå vedlegg 5).

Før Sivilombodsmannen kan handsame ei klage, må dei ordinære klagemøgleighetene vere nytta og klagen vera avgjort hos forvaltningsorganet, Jfr. instruks for Ombudsmannen § 5.

Det går fram av offentleglova § 32 1. ledd at: «Fylkesmannen er klageinstans for vedtak i kommunalt eller fylkeskommunalt organ.»

Arvid Ask har i skriv av 9. januar d.å. (sjå vedlegg 7) stadfesta at han opprettheld sin klage og ynskjer klagen handsama.

Samferdselsavdelinga har fatta vedtak om å avslå innsyn som det no er klaga på og må difor ta stilling til klagen som underinstans, jfr. forvaltningslova § 33 2.ledd.

Bakgrunn:

Arvid Ask er leiar av Flesland og Sletten grannelag, samt leiar av grannelaget «Nei til hamn på Flesland». Han har gjennom telefonsamtale og e-post uttrykt ynskje om innsyn i møtereferat i samband med utarbeiding av *Mogelegheitsstudie Fleslandsområdet*.

Møtereferata er av arbeidsgruppa vurdert å vera interne arbeidsdokument, og krav om å få innsyn i referat frå møta i arbeidsgruppa vart første gong avslått i e-post den 2. desember 2013, med heimel i offentleglova § 14 1. ledd (vedlegg 2). Vår grunngjeving for avslag vart gjenteke i e-post den 3. januar 2014 (vedlegg 4)

Samferdselsavdelinga mottok den 3. januar 2014 e-post frå Arvid Ask (vedlegg 5) der det mellom anna står: «*Jeg klager derfor vedtaket inn for Sivilombudet og ber om at dere effektuerer klagen*».

Samferdselsavdelinga har deretter, den 9. januar d.å. motteke e-post (sjå vedlegg 7) frå Arvid Ask, der han stadfester sin klage til Sivilombodsmannen og sitt ynskje om at klagen vert handsama.

I stadfestinga kjem Ask med nye moment til klagen.

Rettsleg grunnlag:

Offentleglova § 32 gjeld retten til å klage over avslag på krav om innsyn. Offentleglova § 32 1. ledd lyder:

«Avgjerder etter denne lova kan påklagast til det forvaltningsorganet som er nærmest overordna det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Avgjerder om å gi innsyn kan likevel ikke påklagast. Fylkesmannen er klageinstans for vedtak i kommunalt eller fylkeskommunalt organ. Kongen kan gi forskrift om kva organ som skal vere klageinstans for avgjerder tekne av statlege organ. Kongen kan også gi forskrift om kva organ som skal klageinstans for avgjerder av rettssubjekt som er omfatta av § 2 første ledd bokstav b til d. Når det blir klaga på ei avgjerd frå eit departement, skal departementet opplyse klageren om retten til å klage til Sivilombudsmannen ikkje gjeld for avgjerder gjorde av Kongen i statsråd.»

Offentleglova § 32 3. ledd lyder:

«Klaga skal førebuast og avgjerast utan ugrunna opphold. Elles gjeld reglane i forvaltningsloven kap VI så langt dei passar.»

Etter forvaltningslova § 33 2. ledd er det samferdselsavdelinga som underinstans, som må handsame klagen. Forvaltningslova § 33 2. ledd lyder:

«Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Klagen vert difor sendt Fylkesmannen i Hordaland som klageinstans, til handsaming.

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. ledd: «Enkeltvedtak kan påklagast av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgansom har truffet vedtak (underinstansen).»

Det vert vist til klage av 3. januar 2014, der det mellom anna går fram at vedtak om å nekte innsyn i møtereferata, vert klaga inn for Sivilombodsmannen. Før Sivilombodsmannen kan handsame ei klage, må dei ordinære klagemoglegheitene vere nyttा, Jfr. instruks for Ombudsmannen § 5.

Vurdering:

Samferdselsavdelinga har vurdert klagen som underinstans jfr. forvaltningslova § 33 2. ledd, og opprettheld vårt vedtak av 2. desember 2013 om å avslå krav om innsyn i møtereferat frå arbeidsgruppa for «Mogelegheitsstudiet Fleslandsområdet», jfr. offentleglova § 14 1. ledd. Samferdselsavdelinga vurderer møtereferata som dokument utarbeidde for eiga saksførebuing, og viser til at dokumentet Mogelegheitsstudie Fleslandsområdet er offentleggjort i si heilheit. Det vert vidare vist til at revidert planprogram for Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet nyleg har vore ute til høyring, i tråd med plan- og bygningslova § 8-3. Til dette arbeidet har Arvid Ask kome med fleire innspel.

Vedtak:

Vedtak om å avslå innsyn i møtereferat frå arbeidsgruppa for Mogelegheitsstudie Fleslandsområdet vert opprettholdt.

Klagesaka med vedlegg vert med dette sendt Fylkesmannen i Hordaland for handsaming. Det vert vist til offentleglova § 32 1. ledd.

Ved eventuelle spørsmål i saka kan ein ta kontakt med underteikna.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Torill Klinker
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

- Vedlegg 1 E-post 29.11.2013
- Vedlegg 2 E-post 02.12.2013
- Vedlegg 3 E-post 13.12.2013
- Vedlegg 4 E-post 03.01.2014
- Vedlegg 5 E-post 03.01.2014
- Vedlegg 6 E-post og brev 09.01.2014
- Vedlegg 7 E-post 10.01.2014 / brev 09.01.2014

Kopi: Arvid Ask, Fleslandsveien 252, 5258 Blomsterdalen